

<b>FINANSDEPARTEMENTET</b>
SAKSNR: 2002/159-24
ARKIVNR:

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Eli Marit Fuglesteg [mailto:eli.marit.fuglesteg@Vestre-Slidre.kommune.no]

Sendt: 18. mars 2003 14:25

Til: Postmottak Finansdepartementet

Kopi: Gunnar Kverneggen

Emne: Høring om ny momskompensasjonsordning


<<Dok2.doc>>

Sender med dette særutskrift av uttale i samband med høring om ny momskompensasjon frå formannskapet i Vestre Slidre. Papirutskrift kjem i tillegg i posten. Utskrifta er rett.

Helsing

Eli Marit Fuglesteg

Økonomisjef



---

## SÆRUTSKRIFT

**Saksnr.:** Utvalg  
0013/03 Formannskapet

**Møtedato**  
13.03.2003

### HØYRING OM NY MOMSKOMPENSASJONSORDNING

---

Saksbeh.: Eli Marit Fuglesteg  
Arkivsaksnr.: 03/00090

Arkiv: 221

---

**Vedlegg til saka:**

Skriv frå finansdepartementet:

Høring – NOU 2003:3 Merverdiavgiften og kommunene – Konkurranservedringer mellom kommuner og private.

**Skriv i saka, ikkje vedlagt:**

Ingen.

**Bakgrunn:**

Den 1. juli 2001 tok det til å gjelde ei endring i Lov av 19. juni 1969 nr 66 om merverdiavgift. Endringa gikk i hovudsak ut på at det etter denne dato vart meirverdiavgift på omsetjing av alle tenester. Tidlegare var hovudregelen den at det ikkje var meirverdiavgift på tenester med mindre dei var spesifikt nemnde i lova. No vart dette snudd på hovudet slik at det vart meirverdiavgift på alle tenester med mindre dei var spesifikt nemnde som unnatekne i lova.

Kommunar har som hovudregel ikkje meirverdiavgiftspliktig omsetjing. Ved kjøp av varer/tenester får kommunen difor ikkje frådrag for inngåande mva. Dette kan føre til at kommunane i staden for å kjøpe varer/tenester frå andre, heller produserer dei sjølve då dette blir billigare. Dette blir kalla konkurransevedring pga meirverdiavgift. For å bøte på dette har kommunane fått kompensasjon frå fylkesskattesjefen for frå 35 % til 85 % av den meirverdiavgifta som har falle på kjøp av tenester innanfor desse sektorane:

- Vask og rens av tekstilar
- Arbeid på bygg, anlegg og annan fast eigedom der det også blir levert varer
- Arbeid på bygg, anlegg og annan fast eigedom der det berre blir levert tenester
- Konsulenttenester i samband med dei to føregåande punkta
- Reinhold

Kompensasjonssatsen har variert av di det blir rekna å vera varierende innslag av varer i den einskilde kategorien. Innføring av moms på alle tenester har gjort denne kompensasjonsordninga utgått på dato.

**Saksutgreiing:**

Eit utval sett ned 1. januar 2002 skulle vurdere kompensasjonsordninga for betalt meirverdiavgift for kommunane. Utvalet, leidd av professor Jørn Rattsø, skulle vurdere konkurransevedringar som fylgje av meirverdiavgiftssystemet. Løysingane som utvalet kom fram til vart vurderte ut frå fylgjande kriterie:

- Motvirke konkurransvridingar i favør av eigenproduksjon
- Motvirke nye konkurransevridingar i konkurransen mellom kommunalt og privat
- Nøytralt med omsyn til kommunalt samarbeid
- Sikre heilskapen i meirverdiavgiftssystemet
- Robust for utfordringar over tid
- Avgrense administrative kostnader
- I samsvar med kommunelovgjeving og lokalt sjølvstyre
- I samsvar med EØS-avtalen
- I samsvar med EU sitt regelverk

Ut frå desse kriteria kom utvalet til at det var tre alternative løysingar:

1. Kommunane kunne bli avgiftspliktige som vanleg næringsdrivande med allment frådrag for inngåande mva.
2. Kommunane kunne få utvida rett til frådrag for inngåande avgift sjølv om dei ikkje vart allment avgiftspliktige.
3. Ei generell ordning der kommunane får kompensert frå fylkesskattesjefen for all inngåande meirverdiavgift.

Utvalet kom til at dei ville tilrå alternativ 3. Dette skal ordnast slik at kommunane kan krevje tilbakebetalt betalt meirverdiavgift frå fylkesskattesjefen annankvar månad, mot ein gong i året no. Også private som løyser lovpålagte oppgåver, som t d private skular, barnehagar, sjukeheimar m m, skal bli omfatta av ordninga. Utvalet meiner dette ville løyse konkurransevridingsproblemet utan å koma i konflikt med EU-regelverk.

Finansieringa av denne ordninga skal bli gjennomført utan at balansen i statsbudsjettet blir endra. Utvalet har lagt til grunn av eventuelle endringar i meirverdiavgiftsbelastninga for kommunane må bli motvirka gjennom tilsvarande budsjetttiltak over for kommunane. Utvalet tilrår difor at ei kompensasjonsordning blir finansiert gjennom reduksjon i dei frie inntektene til kommunane. Dei meiner at ei slik finansiering sikrar at den einskilde kommunen sitt bidrag til ordninga blir uavhengig av kommunen sin kompensasjon. Dette er viktig for at ordninga skal virke etter hensikta, blir det sagt. Når den einskilde kommunen sin del av finansieringa er uavhengig av den einskilde kommunen sin kompensasjon, kan likevel ordninga slå ulikt ut for dei einskilde kommunar. Utvalet rår til finansiering gjennom reduksjon i dei frie inntektene til kommunane slik at det i så liten grad som råd blir skapt omfordeling mellom kommunane.

### **Vurdering:**

Hittil har Vestre Slidre kommune nytt godt av ordninga med momskompensasjon for betalt moms, men i varierende grad alt etter kor mykje som har vore nytta til anskaffing innanfor dei sektorane som er nemnde ovanfor. I år med låge utgifter har kompensasjonen vore nær null, noko som også er tilfelle for 2002.

Generell kompensasjon for betalt meirverdiavgift for kommunane tykkjest isolert sett å vera ei bra ordning. Problemet med konkurransevriding mellom kommunar og private skulle då vera løyst. No er ikkje det eit stort problem i Vestre Slidre kommune, her står ikkje tilbydarane i kø for å løyse kommunale oppgåver. Utanom sjukeheimen, som ikkje driv avgiftspliktig verksemd, er det stort sett innanfor dei "gamle" sektorane som det tidlegare har vore gjeve nokre prosentar kompensasjon for, kommunen kjøper varer/tenester frå private. Det er lite truleg at dette kjem til å endre seg vesentleg sjølv om kommunen skulle få kompensasjon for all betalt meirverdiavgift. Men kompensasjon for betalt moms på alt innkjøp er isolert sett ikkje å forakte.

Problemet i denne saka er finansieringa. Her har utvalet skissert at kompensasjonen skal bli trekt ut av dei frie inntektene til kommunane. Dette vil kunne føre til at kommunane vil prøve å overgå kvarandre i kjøp av meirverdiavgiftspliktige varer og tenester for å oppnå så mykje momskom-pensasjon som råd. Utkantkommunar med få eller ingen til å overta kommunale oppgåver vil få vanskar med å henge med i denne konkurransen. For å eliminere konkurransevriding mellom kommunar og private, blir det heller innført eit system for konkurranse om konkurranseutsetjing mellom kommunar. Ynskjer me det?

Utvalet tilrår at ordninga ikkje skal gå ut over fordelinga av frie inntekter mellom kommunane, samstundes som dei innrømmer at det er nett dette som vil vera problemet. Dette har utvalet ikkje gjeve nokon løysing på. Heller ikkje finansieringa av kompensasjonen til dei private bedriftene som utfører lovpålagte oppgåver er det gjeve løysing på.

Kommunane har i utgangspunktet frie inntekter som er for små i høve til å få løyst dei lovpålagte oppgåvene. Dette er slege fast på fleire hald, ikkje minst frå KS. Fleire kutt i desse virkar difor småleg. Det er forståeleg at utvalet ikkje gjer framlegg om at staten skal dekkje kompensasjons-ordninga. Kommunane står for ein stor del av anskaffinga i samfunnet. Allmenn statleg kompensasjon av all meirverdiavgifta frå staten ville føre til betydelege utgifter for staten, som måtte bli dekkka inn andre stader på statbudsjettet. Det ville vera i strid med den politikken som regjeringa har lagt opp til over for kommunane i dag. Men med den ordninga som er skissert, vil omfordelinga av inntekter mellom kommunane vil kunne bli formidabel utan at det kostar staten eit øre ekstra. Kommunane skal no konkurrere om frie inntekter gjennom konkurranseutsetjing. Dette er ein konkurranse som små kommunar som vår ikkje har sjanse til å vinne.

Inntil det ligg føre eit konkret framlegg til finansiering som sikrar at ingen kommunar får reduksjon i dei frie inntektene sine, kan difor ikkje kommunen gå inn for framlegget til kompensasjonsordning som høyringa legg opp til.

Det må også bli sikra ei fornuftig og rettvis finansiering av kompensasjon til private som løyser lovpålagte oppgåver før enn kommunen kan tilrå denne ordninga.

#### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet meiner at det må bli greidd ut ei konkret løysing på finansieringa av kompensasjon til private som løyser lovpålagte oppgåver før enn ordninga kan bli tilrådd.

Likeeins meiner formannskapet at finansieringløysinga av kompensasjonsordninga for meirverdiavgift for kommunane ikkje er godt nok utgreidd. Inntil det er greidd ut at ingen kommunar vil tape på ordninga, vil difor formannskapet gå i mot den løysinga som er tilrådd i høyringsutkastet.

#### **Vedtak i Formannskapet den 13.03.2003 sak 0013/03**

Som forslaget. Samrøystes.

#### **Melding sendt:**

Formannskapskontoret  
Finansdepartementet